

## Himmelspannet med hallingtapas til Berlin



For andre år på rad, er Hemsedal ysteri - Himmelspannet plukka ut til å representere Noreg på verdas største forbrukarmesse, Grüne Woche i Berlin 16. - 25. januar 2009.

Temaet for den norske standen i 2009 er "Smaken av Norge - ei reise verd" og femner om opplevingar knytt til landbruk, mat og reiseliv i heile spektret frå, nord, fjord og innland.

Himmelspannet vil i år servere hallingtapas og tek med seg råvarer frå andre lokale produsentar, i tillegg til sine egne ostar. Kvar dag vil nye tapas bli presentert for publikum.



### Arena for nettverksbygging



Grüne Woche er ein arena for kontakt- og nettverksbygging mellom landbruks, reiselivs- og matbransjen, der også pressa er rikt representert.

For Himmelspannet er Grüne Woche viktig for å vise bedrifta og produkta fram for den norske, så vel som den internasjonale marknaden.

### Huldra på eventyrferd

Hemsedal ysteri- Himmelspannet, samarbeider med Langedrag og Destinasjon Eidfjord om å marknadsføre Eventyrveien.

Med i fylgje er òg Huldra, ein sentral figur i Eventyrveien.



Hemsedal kommune er også i år representert ved ordførar Oddvar Grøthe.

Hemsedal ysteri - Himmelspannet ser det som eit kvalitetsmerke å få lov til å representere Hallingdal og Noreg for andre gong på Grüne Woche.

#### Kontaktinformasjon

Jette Ellseth

Tlf: 908 62 644

E-post: [post@himmelspannet.no](mailto:post@himmelspannet.no)

[www.himmelspannet.no](http://www.himmelspannet.no)